



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 23.08.2022  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 12:00 - 16:30

#### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

#### Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland  
Kommunalsjef Åse Elin Myking

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
64/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
65/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
66/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
67/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT VILTFOND TIL OPPSETJING AV HJORTEGJERDE KRING GRASENG OG BEITE PÅ GBNR. 58/5 LAVIK I EKSINGEDALEN
68/2022	LØYVING AV TILSKOT FRÅ KOMMUNALT VILTFOND TIL OPPGRADERING AV SKYTEBANA I LITLEVIKA PÅ EIDSLANDET - NYE ELEKTRONISKE SKIVER
69/2022	LØYVING AV TILSKOT FRÅ MYSTERFONDET TIL OPPGRADERING AV SKYTEBANA I LITLEVIKA PÅ EIDSLANDET - NYE ELEKTRONISKE SKIVER
70/2022	RO- OG PADLERUTER I VESTLAND 2022 - 2026
71/2022	VOSSAKLIMA 2030, KOMMUNEDELPLAN FOR KLIMA, KLIMATILPASSING OG GRØN OMSTILLING FOR VOSS HERAD – HØYRINGSUTTALE
72/2022	RESSURSBEHOV I SAMBAND MED K5 UTBYGGINGA. Orienteringssak



**64/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 64/2022 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**65/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 65/2022 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**66/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022**

**Behandling:**



Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 66/2022 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**67/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT VILTFOND TIL OPPSETJING AV HJORTEGJERDE KRING GRASENG OG BEITE PÅ GBNR. 58/5 LAVIK I EKSINGEDALEN**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Viltnemnda, ved Formannskap-/plan og økonomiutvalet (FPØ), løyver inntil kr. 80 000,- eks. mva. i viltfondsmidlar til føretaket Lars Bjarte Nesheim for oppsetjing av 1078 meter med hjortegjerde på gbnr. 58/5 Lavik i Eksingedalen for å hindre hjort i å beite på innmark.

Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5, jf. § 1, og vedtektene for kommunalt viltfond pkt. 5.

Tilskotet er løyvd ut frå kr. 159 764,- i godkjend kostnad, med 50 % i finansiering (avrunda). Lågare dokumentert kostnad gjev lågare tilskot.

Årleg ettersyn og vedlikehald av gjerdet vert sett som vilkår for tilskotet.

Tilskotet vil bli utbetalt til søkjar sin bankkonto etter oppmoding om sluttutbetaling.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022**

**Behandling:**

Endringsframlegg frå Erlend Hesjedal-Johannessen, H:

*"Første punkt i vedtaket vert endra som følgjer:*

*Viltnemnda, ved Formannskap-/plan og økonomiutvalet (FPØ), løyver inntil kr. 87 164,- eks. mva. for å dekke direkte materialkostnader."*

**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå Erlend Hesjedal-Johannessen vart samrøystes vedteke.

Rett prosentandel er korrert i vedtaket.

**FPØ - sak 67/2022 Vedtak/Tilråding:**

*Viltnemnda, ved Formannskap-/plan og økonomiutvalet (FPØ), løyver inntil kr. 87 164,- eks. mva. i viltfondsmidlar til føretaket Lars Bjarte Nesheim for oppsetjing av 1078 meter med hjortegjerde på gbnr. 58/5 Lavik i Eksingedalen for å hindre hjort i å beite på innmark.*



*Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5, jf. § 1, og vedtektene for kommunalt viltfond pkt. 5.*

*Tilskotet er løyvd ut frå kr. 159 764,- i godkjend kostnad, med 55 % i finansiering (avrunda). Lågare dokumentert kostnad gjev lågare tilskot.*

*Årleg ettersyn og vedlikehald av gjerdet vert sett som vilkår for tilskotet.*

*Tilskotet vil bli utbetalt til søker sin bankkonto etter oppmoding om sluttutbetaling*

---

## **68/2022: LØYVING AV TILSKOT FRÅ KOMMUNALT VILTFOND TIL OPPGRADERING AV SKYTEBANA I LITLEVIKA PÅ EIDSLANDET - NYE ELEKTRONISKE SKIVER**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Viltnemnda, ved Formannskap-/plan og økonomiutvalet (FPØ), løyver inntil kr. 25 000,- inkl. mva. i viltfondsmidler til Vaksdal/Modalen Skyttarlag, v/ Trygve Mjelde, til innkjøp av to nye, elektroniske skiver for bruk på skytebana i Litlevika på Eidslandet.

Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5, jf. § 1, og vedtektene for kommunalt viltfond pkt. 5.

Tilskotet er løyvd ut frå kr. 132 725,- i godkjend kostnad, og utgjør 19 % i finansiering. Ved eventuelt lågare kostnad, kan tilskotssummen bli redusert tilsvarande. Ved momsrefusjon vert kostnaden eks. mva. lagt til grunn for tilskotet.

Tilskotet vil bli utbetalt til søker sin bankkonto etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen er sett til 01.06.24. Etter dette blir tilskotet trekt attende.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022**

#### **Behandling:**

Samrøystes vedtak.

#### **FPØ - sak 68/2022 Vedtak/Tilråding:**

Viltnemnda, ved Formannskap-/plan og økonomiutvalet (FPØ), løyver inntil kr. 25 000,- inkl. mva. i viltfondsmidler til Vaksdal/Modalen Skyttarlag, v/ Trygve Mjelde, til innkjøp av to nye, elektroniske skiver for bruk på skytebana i Litlevika på Eidslandet.

Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5, jf. § 1, og vedtektene for kommunalt viltfond pkt. 5.



Tilskotet er løyvd ut frå kr. 132 725,- i godkjend kostnad, og utgjer 19 % i finansiering. Ved eventuelt lågare kostnad, kan tilskotssummen bli redusert tilsvarande. Ved momsrefusjon vert kostnaden eks. mva. lagt til grunn for tilskotet.

Tilskotet vil bli utbetalt til søker sin bankkonto etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen er sett til 01.06.24. Etter dette blir tilskotet trekt attende.

---

**69/2022: LØYVING AV TILSKOT FRÅ MYSTERFONDET TIL OPPGRADERING AV SKYTEBANA I LITLEVIKA PÅ EIDSLANDET - NYE ELEKTRONISKE SKIVER**

**Styret i Mysterfondet sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i vedtektene for Mysterfondet §§ 1 og 2 sjette ledd, løyver Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) i Vaksdal kommune, inntil kr. 25 000,- i fondsmidlar til Vaksdal/Modalen skyttarlag.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av 2 stykk nye, elektroniske skiver til skytebana i Litlevika på Eidslandet.

Tilskotet utgjer 19 % av godkjende kostnadar på kr. 132 725,- inkl. mva. Ved lågare kostnad vert tilskotet redusert tilsvarande.

Ved momsrefusjon vert tilskotet rekna ut frå utgifter eks mva.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med naudsynt dokumentasjon (betalt faktura, bilete og liknande).

Arbeidsfristen for tiltaket er sett til 01.09.2023. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 69/2022 Vedtak/Tilråding:**

Med heimel i vedtektene for Mysterfondet §§ 1 og 2 sjette ledd, løyver Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) i Vaksdal kommune, inntil kr. 25 000,- i fondsmidlar til Vaksdal/Modalen skyttarlag.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av 2 stykk nye, elektroniske skiver til skytebana i Litlevika på Eidslandet.



Tilskotet utgjør 19 % av godkjente kostnader på kr. 132 725,- inkl. mva. Ved lågare kostnad vert tilskotet redusert tilsvarande.

Ved momsrefusjon vert tilskotet rekna ut frå utgifter eks mva.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med naudsynt dokumentasjon (betalt faktura, bilete og liknande).

Arbeidsfristen for tiltaket er sett til 01.09.2023. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

---

## 70/2022: RO- OG PADLERUTER I VESTLAND 2022 - 2026

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune går inn i Vestland fylkeskommune sitt ro- og padleprosjekt med fylgjande målsetjingar:

*Gjennom deltaking i prosjektet skal Vaksdal kommune:*

- *Kartlegge eksisterande tilrettelagde ro- og padleruter i kommunen. Kartlegginga skal innehalde tilstrekkeleg informasjon til at rutene kan graderast i samsvar med padleforbundet sin metodikk for gradering av padleruter*
- *Kartlegge eksisterande fasilitetar og infrastruktur i tilknytning til rutene, t.d. parkeringsmoglegheiter, utsettingspunkt, toalett, tilrettelagde friluftsområde, overnattingsmoglegheiter og utlansordningar for kajakk, kanoar og robåtar*
- *Formidle dei kartlagde rutene digitalt og med fysiske informasjonstavler, til dels ved startpunkt for padlerutene*
- *Kartlegge potensiale for nye ro- og padleruter i kommunen*
- *Kartlegge eventuelt behov for nye fasilitetar og vøling av eksisterande*

*Vaksdal kommune søker fylkeskommunale tilskot til kartleggingsarbeidet av ro- og padleruter og relevant tilrettelegging og infrastruktur i tilknytning til rutene.*

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022

#### Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - sak 70/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune går inn i Vestland fylkeskommune sitt ro- og padleprosjekt med fylgjande målsetjingar:

*Gjennom deltaking i prosjektet skal Vaksdal kommune:*

- *Kartlegge eksisterande tilrettelagde ro- og padleruter i kommunen. Kartlegginga skal innehalde tilstrekkeleg informasjon til at rutene kan graderast i samsvar med padleforbundet sin metodikk for gradering av padleruter*



- Kartlegge eksisterande fasilitetar og infrastruktur i tilknytning til rutene, t.d. parkeringsmoglegheiter, utsettingspunkt, toalett, tilrettelagde friluftsområde, overnattingsmoglegheiter og utlånsordningar for kajakk, kanoar og robåtar
- Formidle dei kartlagde rutene digitalt og med fysiske informasjonstavler, til dels ved startpunkt for padlerutene
- Kartlegge potensiale for nye ro- og padleruter i kommunen
- Kartlegge eventuelt behov for nye fasilitetar og vøling av eksisterande

Vaksdal kommune søker fylkeskommunale tilskot til kartleggingsarbeidet av ro- og padleruter og relevant tilrettelegging og infrastruktur i tilknytning til rutene.

---

### **71/2022: VOSSAKLIMA 2030, KOMMUNEDELPLAN FOR KLIMA, KLIMATILPASSING OG GRØN OMSTILLING FOR VOSS HERAD – HØYRINGSUTTALE**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune gjev slik høyringsuttale til høyringsutkastet til Vossaklima 2030.

«Viser til høyring av kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale. Vaksdal kommune er imponert over jobben de har gjort med kunnskapsgrunnlag og medverknad i planprosessen og tykkjer heradet har laga ein god plan med ambisiøse målsetjingar. Vaksdal kommune ynskjer Voss herad lukke til og vonar det vert gjort eit like godt arbeid med å gjere ord til handling som arbeidet med sjølve planen.

#### **Plantema – Klimatilpassing**

Vaksdal kommune vil lyfte fram handtering av ekstremvær og flaum i Vangsvatnet som eit viktig tema. Vosso har sitt utløp i Bolstadfjorden og store vassmengder kan skape uynskte konsekvensar for busetnad og infrastruktur i og utanfor heradet. I dei siste åra har periodar med store vassmengder medført flaum og utgravingar langs fjorden, mellom anna ved Straume og Dalseid. I tillegg syner klimaprognosane for Vestland auka nedbørmengder. Vaksdal kommune ser på dette som ein stor fysisk klimarisiko og er særst opptatt av å unngå slike konsekvensar. Det må sjåast nærare på flaumførebyggjande tiltak som ikkje aukar vassføringa i Vosso. Tiltak for å transportere vekk flaumvatn frå Voss herad kan ikkje medføre negative konsekvensar i Vaksdal kommune.

#### **Plantema- Grøn omstilling**

Vaksdal kommune huser, i likskap med Voss herad, fleire større vasskraftverk og ynskjer å nytte krafta til lokal verdiskaping og vere tilgjengeleg for nye industriar, verksemder og næringsaktørar. Som ein viktig fasilitator i arbeidet med K5 (ny E16) som fossilfri anleggsplass vil det vere viktig å sikre tilstrekkeleg kapasitet i kraftnettet og nytte kortreist kraft. Utsleppsreduksjonen og teknologiutviklinga dette medføre vil vere ein gode for både Voss og Vaksdal, spesielt når K5-prosjektet i framtida skal vidare mot heradet.

#### **Plantema - Voss som pådrivar for nullutslepp**

Voss og Vaksdal er begge landbrukskommunar med fleire levande grender og Vaksdal støtter satsinga på å tryggja landbruket, ta vare på arealressursane og halda matproduksjonen oppe. Vossaklima 2030 skildrar fleire målkonflikhtar, som til dels mål om jorda som karbonlager og å



*redusera transportbehovet kontra utvikling av grender og økonomisk berekraft i landbruket. I det vidare klimaarbeidet vert det viktig å sjå tiltaka i heilskap slik at det vert tatt omsyn til desse.*

*Vaksdal kommune vil runde av denne høyringsuttalen med å nemne at kommunen støtter heradet fullt i at vektlegging på samarbeid må til for å nå måla».*

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022**

#### **Behandling:**

Samrøystes vedtak.

#### **FPØ - sak 71/2022 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune gjev slik høyringsuttale til høyringsutkastet til Vossaklima 2030.

*«Viser til høyring av kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale. Vaksdal kommune er imponert over jobben de har gjort med kunnskapsgrunnlag og medverknad i planprosessen og tykkjer heradet har laga ein god plan med ambisiøse målsetjingar. Vaksdal kommune ynskjer Voss herad lukke til og vonar det vert gjort eit like godt arbeid med å gjere ord til handling som arbeidet med sjølve planen.*

#### **Plantema – Klimatilpassing**

*Vaksdal kommune vil lyfte fram handtering av ekstremvær og flaum i Vangsvatnet som eit viktig tema. Vosso har sitt utløp i Bolstadfjorden og store vassmengder kan skape uynskte konsekvensar for busetnad og infrastruktur i og utanfor heradet. I dei siste åra har periodar med store vassmengder medført flaum og utgravingar langs fjorden, mellom anna ved Straume og Dalseid. I tillegg syner klimaprognosane for Vestland auka nedbørmengder. Vaksdal kommune ser på dette som ein stor fysisk klimarisiko og er særst opptatt av å unngå slike konsekvensar. Det må sjåast nærare på flaumførebyggjande tiltak som ikkje aukar vassføringa i Vosso. Tiltak for å transportere vekk flaumvatn frå Voss herad kan ikkje medføre negative konsekvensar i Vaksdal kommune.*

#### **Plantema- Grøn omstilling**

*Vaksdal kommune huser, i likskap med Voss herad, fleire større vasskraftverk og ynskjer å nytte krafta til lokal verdiskaping og vere tilgjengeleg for nye industriar, verksemder og næringsaktørar. Som ein viktig fasilitator i arbeidet med K5 (ny E16) som fossilfri anleggsplass vil det vere viktig å sikre tilstrekkeleg kapasitet i kraftnettet og nytte kortreist kraft. Utsleppsreduksjonen og teknologiutviklinga dette medføre vil vere ein gode for både Voss og Vaksdal, spesielt når K5-prosjektet i framtida skal vidare mot heradet.*

#### **Plantema - Voss som pådrivar for nullutslepp**

*Voss og Vaksdal er begge landbrukskommunar med fleire levande grender og Vaksdal støtter satsinga på å tryggja landbruket, ta vare på arealressursane og halda matproduksjonen oppe. Vossaklima 2030 skildrar fleire målkonfliktar, som til dels mål om jorda som karbonlager og å redusera transportbehovet kontra utvikling av grender og økonomisk berekraft i landbruket. I det vidare klimaarbeidet vert det viktig å sjå tiltaka i heilskap slik at det vert tatt omsyn til desse.*

*Vaksdal kommune vil runde av denne høyringsuttalen med å nemne at kommunen støtter heradet fullt i at vektlegging på samarbeid må til for å nå måla».*





**72/2022: RESSURSBEHOV I SAMBAND MED K5 UTBYGGINGA. Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert tatt til orientering slik den ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.08.2022**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 72/2022 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert tatt til orientering slik den ligg føre.

---



## **ORIENTERINGAR:**

### Fast orientering frå ordførar:

- Digital generalforsamling og eigarmøte i Eviny
- Møte med Tor Andre Ljosland, leiar i hovudutval for næring, i Vestland fylkeskommune
- Deltok på avslutning for 10. kl ved Dale skule
- Styremøte og årsmøte i Sameige Vaksdal Senter
- Deltok på open dag på Arnpro
- Generalforsamling Vaksdal næringssselskap
- Deltok som representant frå SP då statsministeren fekk omvising i Åsane arena
- Årsmøte i Stamvegutvalet på Voss
- Innspel møte til sak om Dalehallen
- Interkommunalt planutval for sjøareal
- Kommunale vigslar
- Avlyst ordførarkonferanse og landsstyremøte i LVK, varaordførar og kommunedirektør møter

### Fast orientering frå kommunedirektør:

- Orienterte om tilsetjing av ny politisk sekretær
- Samling i kommunedirektørutvalet i Nordhordland
- Prosessar, oppfølging og planar for hausten
- Møte med instansar vedk. tunellarbeid og vegstengingar framover
- Møte om Dalehallen
- Arbeidet på Dale stasjon, arbeidet er no kome så langt at ekspressstog igjen kan stoppe her
- Høyring om Ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk i Vestland

Orientering om **Interkommunal plan for sjøareal** v/samfunnsplanleggar Knut Trefall

Orientering om **vertskommunesamarbeidet om barnevern** v/kommunalsjef Ann Kristin Bolstad

### **Spørsmål:**

Spørsmål om brannvernet, Heidi Rongved  
Kommunalsjef Åse Elin Myking svarte

Spørsmål om Vaksdal Idrettspark v/Amalie Lunde  
Einingsleiar Stian Reime svarte

Spørsmål om Vaksdal Brannstasjon v/Thor Andersen  
Einingsleiar Stian Reime svarte

### **Orienteringar i lukka møte:**

Vaksdal Næringssselskap – jf fvl §13 første ledd nr 1 – votert - samrøystes  
Tomtar – jf fvl § 13 første ledd nr. 2 – votert samrøystes

**Synfaring** Innbyggarservice og Dalegarden næringsområde